

Protokoll styremøte 31.08.2020

Til stades:

- Eivind Dalseg
- Ingrid Homme Bolstad
- Camilla J. Høibraaten
- Torgeir Besteland
- Ranghild Sordal
- Bergtor Haugå
- Leif Sigurd Helle

Dato: 31.08.2020

Kl: 19.00

Stad: Klubbhuset

Sakliste

Sakar:

1. Orientering av planar for fotballgruppa v/ Widar Winther og Kim Andre
Widar orienterte generelt om fotballgruppa og status på denne. På grunn av koronasituasjonen har det ikkje vore treningar, men det er plan om å byrje i veke 37. Garderobane i hallen er stengt, og det er eit tak på maks 20 personar i hallen. Dette får betydning for foreldre mm. Med tanke på aktivitetsplanen så er same dagar og same tider ok (tyrsdag og torsdag). 1-5. Klasse trenast av Olav og Kim, 6-10. Av Widar og Inge Olav. Det vart bestemt at fotballgruppa bør ha admintilgang på idrettslaget sin facebook. Nye foreldrekontaktar må på plass, Widar ordnar dette.
2. Konstituering av nytt styre - fordeling av oppgåver
Ragnhild: Kasserar og nestleiar
Ingrid: Barneidrettskontakt og skirenn
Bergtor: Prosjekt- og løypemaskinansvarlig
Torgeir: Color Line Tour og skirenn
Eivind: Sektretær og nettside
Camilla: Styremedlem/allidrett
3. Godkjenning av protokoll fra forrige møte, jf. vedlegg 1
Førre møtet var årsmøtet.
4. Økonomisk oversikt pr. 31.08.2020
Det står 1 364 000kr på konto. Ein del av dette er disponert frå årsmøte.
5. Aktivitetsplan

Det vart bestemt å prøve å få i gong allidretten att. Camilla og Ingrid tok ansvar for å prøve å stable dette på føtane att. Ellers vart det bestemt små endringar av tidspunkt. Desse vart notert av Eivind som oppdaterer planen.

6. Garasje på tangen

Orientering v/ Bergtor. Berekonstruksjonen til garasjen er klar og søknad er sendt til kommunen. Det er bestemt at ein leigar tomte av Knut Sigurd som står som ansvarlig søker. Ein satsar på å få opp garasjen før vinteren. Det vart òg diskutert moglege nye trasèar for maskina. Løtveitsheia er ynskjeleg, men i år var det vanskeleg å bedømme trasèar pga lite snø. Bergtor innkallar til dugnadar dersom ein må rydde/ordne noko i den forbindelse.

7. Utlån av utstyr

Styret har hatt stort press på utlån av utstyr. Fleire førespurnadar om å låne ut telt mm. til private samanhengar. Ingrid H tar ansvar for utlån av utstyr. Ein vart einige om at ein bør ta litt betalt for å låne ut teltet til slike tilstelningar i privat regi. Det vart foreslått 500kr.

8. Kursing av føresatte mm.

Det er klarsignal frå styret for å både delta og arrangere kurs etter behov.

9. Eventuelt

Endurobane

Eivind tok opp økonomiske utfordringar med å få stønad til endurobanen. Det er sendt ein søknad til valle sparebank om stønad. Økonomi vert tatt opp på neste styremøte.

Møteplan

Bør ha eit møte til før joleavslutninga. Dette vert 20. Oktober kl 18 på klubbhuset.